

Sjå adresseliste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/3897

02. oktober 2017

Høyringsbrev forslag om endringar i opptaksforskrifta

Kunnskapsdepartementet har fastsett *forskrift om opptak til høgre utdanning 6. januar 2017 nr. 13* (opptaksforskrifta) med heimel i *lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler*, jf. §§ 3-6, 3-7 og 4-9.

Departementet vurderer normalt ein gong i året om det er behov for endringar i denne forskrifta. Departementet sende 14. august 2017 ut eit høyringsbrev med frist for høyringsfråsegner 14. november 2017.

Departementet viser til følgjande føresegn og ber høyringsinstansane ta stilling til forslag om å endre § 7-10 i opptaksforskrifta som nå lyder:

§ 7-10 Tilleggspoeng for alder

(1) Søkjarar utanom kvoten for førstegongsvitnemål som har vitnemål om bestått 3-årig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse, får 2 alderspoeng per år frå og med det året søkjaren fyller 20 år, maksimalt 8 poeng.

(2) 23/5-søkjarar får 2 alderspoeng per år frå og med det året søkjaren fyller 24 år, maksimalt 8 poeng.

Denne føresegna er knytt til fødselsår. Departementet ber høyringsinstansane vurdere om denne føresegna bør endrast, slik at søkjarar som avsluttar vidaregåande opplæring (vgo) det året dei fyller 18 år, får tilleggspoeng frå året etter at dei er ferdige med vgo. Dei vil da få alderspoeng samtidig som sin klassekamerater.

Forslag om endring i første ledd er markert med ~~stryk~~ og **utheva skrift**:

(1) Søkjarar utanom kvoten for førstegongsvitnemål som har vitnemål om bestått 3-årig vidaregåande opplæring som gir studie- eller yrkeskompetanse, får 2 alderspoeng per år frå og med **det året etter at dei har avslutta vidaregåande opplæring, men uansett** frå og med året søkjaren fyller 20 år. ***Ein søkjar kan*** maksimalt ***få*** 8 poeng.

Departementet ber høyringsinstansane om å uttale seg om dette forslaget samtidig med at dei uttalar seg om dei andre endringsforslaga.

Høyringssaka er tilgjengeleg på regjeringen.no. Høyringsfråsegner kan sendes elektronisk ved bruk av den digitale løysinga for høyringsfråsegner på www.regjeringen.no/2565889 Alternativt kan høyringsfråsegner sendes Kunnskapsdepartementet; postmottak@kd.dep.no Høyringsfråsegner er offentlege og blir publisert. **Høyringsfristen er tysdag 14. november 2017.**

Med helsing

Toril Johansson (e.f.)
ekspedisjonssjef

Inger Johanne Christiansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Adresseliste

Jf vedlagt liste

Kopi

Jf. vedlagt liste